



Det er mange høgdepunkt for skulemusikken gjennom året og her er korpset på veg gjennom båthamna under 17. maifeiringa i år. Ikkje minst då forstår ein kor viktig det er for bygda å ha eit slikt korps. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Like sikkert som at jula nærmar seg, er det at skulemusikken avviklar sitt årlege førjulslotteri. Slik blir det også i år og lotteriet startar torsdag, opplysar nemnda som har ansvaret. Den består i år av Janne Yri, Lise Karin Sæbø, Gunnbjørg S. Eik og Gerd Ingunn Bauge

Dei unge musikarane fordeler bygda mellom seg og mellom klokka 17 og 19 håpar dei å rekke over alle husstandar slik at alle får tilbod om å kjøpa lodd. Etter salsrunden samlast musikarane på skulen og då får dei servert pizza av foreldregruppa. Gruppa er også engasjert som sjåførar for loddseljarane. Dermed blir denne kvelden ei sosial samling i tillegg til at musikarane tar eit tak til beste for drifta av dette framgangsrike korpset.

Det tradisjonsrike lotteriet vert lagt opp etter ein godt innarbeidd leist. Den innhaldsrike gevinstlista vitnar og om tradisjonar. Den inneheld ting som ein kan kosa seg med i jula, både julemat og ting som ein kan bruka i samband med høgtida.

Trekkinga vert også i år under grautfesten til skulemusikken – fredag 12. desember.
- Loddseljarane vert alltid godt mottekne av bygdefolket og slik vert det sikkert også i år, seier medlemmene av nemnda.

Av Ola Matti Mathisen